

Jnr. 1063.05
GJG/tr

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 / 34	Doknr.: 45
Mottatt:	3 FEB 2005 AØ/PTF
Saksbøen.: JHM	Ark.: 60
Kopi:	Avskr.:

UTTALE TIL "SAMLA INNSATS OG NY STRUKTUR – BLÅ-GRØN MATALLIANSE

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. I tillegg er kommunane Ølen og Haugesund observatørar i rådet. Ordførarane og rådmenn i kommunane utgjør styret i rådet.

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsama på styremøte 28. januar d.å innstillinga frå styringsgruppa til "Samla innsats – ny struktur".

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er ikkje høyringsinstans. Styret vel likevel å gje ein uttale, då denne regionen har særskilde interesser i høve til blant anna marin forskning. Styret ynskjer og å hevda vår meining ut i frå at tilrådinga i aller høgste grad har innverknad på næringsliv og arbeidsplassar i Sunnhordland.

Bakgrunn

I Sunnhordland har havet og fjordane i all tid vore et viktig element for næringsliv og matauk. Satsingar dei siste tiåra syner at ein har vore flinke til å fange opp idear og vidareutvikle desse i næringsssamanheng. Denne innovative arbeidsmåten finn ein igjen på dei mange høgteknologiske arbeidsplassane i regionen, anten det er snakk om verftsindustri, fiskefarty, fiskeoppdrettsanlegg eller fiskeindustriverksemd. Her har synergieffektane mellom næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø spelt ein viktig rolle og ein har hatt føremun av eit nært samarbeid med forskingsmiljøa i Bergensregionen. Sunnhordland vil framleis vera ein aktiv deltakar og pådrivar i vidare hausting av den blåe åkeren.

Sunnhordland har god kontakt med nabo fylket i sør, men er vel så oppteken av at heile storregionen med knutepunkt Bergen, skal behalde og vidareutvikle potensialet innan dei viktigaste næringane. Dei marine og maritime næringane har allereie ein sterk posisjon og vil, saman med reiseliv og turisme utgjere ryggraden for den vidare satsinga for auka verdiskaping på Vestlandet.

Bergensregionen har eit mangfaldig og tungt marint forskingsmiljø som utgjør eit tyngdepunkt, både nasjonalt og internasjonalt. I europeisk samanheng er Bergensmiljøet det tyngste marine forskingsmiljøet. Gode døme på dette er forskinga for nye artar i oppdrett og satsinga på marin biokjemi som katalysator for ny næringsutvikling.

I Sunnhordlandsregionen har samarbeidet med både private- og offentlege FOU-institusjonar vore viktig for dei resultatane som er nådd i næringslivet. Me er opptekne av at denne posisjonen vert styrka og vidareutvikla for å utløyse det store potensialet ein har innan marin verdiskaping. Det er naudsynt med ei vidare og sterk satsing på ny og framtidsretta infrastruktur for dei eksisterande forskingsmiljøa i Bergensregionen.

Kommentarar til innstillinga frå styringsgruppa..

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er positiv til at ein evaluerer og legg til rette for ein samhandling mellom dei forskingsmiljøa som er involvert i den "blå revolusjonen". Dette omfattar så vel forskning for samfunn/forvaltning som meir næringsretta forskning. Me ser det òg som positivt at ein vurderar eventuelle synergieffektar mellom den blå- og grøne sektoren. Men det må vera eit absolutt krav at forskinga i universitets- og høgskulesektoren vert samkjørt i denne prosessen.

Me kan ikkje stø opp under framlegg som førar til at dei velfungerande instituttane i Bergensregionen på noko vis vert svekka eller mistar konkurranseføremonar.

Kommentarar til styringsgruppa's tilråding - punkt 1: Etablere ein fellesarena; Den blå-grøne matalliansen – for de blå og grøne forskingsaktørane.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er positiv til framlegget om etablering av ein fellesarena for dei blåe og grøne forskingsinstitutta, men ikkje med dei arbeidsoppgåver og mandat som er føreslege i tilrådinga. I ein nasjonal samheng kan dette verta eit viktig reiskap for overordna prioritering og koordinering av forskingsstrategiar. Fellesarenaen kan implementerast med ein gong og uavhengig av dei andre momenta i tilrådinga. For å få etablert ein velfungerande fellesarena må universitets- og høgskulesektoren med frå dag ein. Innstillinga frå styringsgruppa kan difor ikkje sakshandsamast lausreve frå forskingsmeldinga som vert framlagd våren 2005.

Det vil vera naturleg at representantar frå dei styrande organ for dei institusjonane som inngår i den blå-grøne alliansen utgjer det forum som skal ivareta denne arena for samhandling og at det ikkje etablerast eit nytt organ i konkurranse med oppgåvene til Noregs Forskingsråd. Det må utarbeidast klåre retningslinjer for fellesarenaen for å unngå dette.

Kommentarar til styringsgruppa's tilråding – punkt 2: Opprette eit infrastrukturselskap som overtar havbruksstasjonane til dei involverte institutta, men òg dei som er drivne av universiteta og andre.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er sterkt kritisk til ein omstrukturering og samling av alle "havbruksstasjonar" i eit infrastrukturselskap og særleg at dette infrastruktur-selskapet er tenkt lagt til den næringsretta delen av alliansen.

Styringsgruppa har ut i frå vår oppfatning, samla alle stasjonar/avdelingar i ein sekk utan skilje mellom dei vidt forskjellige funksjonane til desse einingane. Totalt er det om lag 50 stasjonar i landet som er samla i den blå-grøne sekken. Nokre er i kategorien skule- og undervisningsanlegg, nokre er reine testings- og forsøksstasjonar for hovudinstitusjonar og utan vitskapeleg personell, medan andre kan definerast som fullverdige forskingsstasjonar. Geografisk skilte einingar eller avdelingar av eit institutt er òg katalogisert som havbruksstasjon fordi dei, i tillegg til kjemiske forskingslaboratorier og andre spesialiserte forskingslaboratorier har ein fullverdig infrastruktur i form av kar- og merdfasilitetar. Havforskningsinstituttets avdelingar i Austevoll og Matre er eit godt døme på slike feildefinisjonar frå styringsgruppa.

Me er òg uroa over dei negative effektar ein får dersom ein fjernar grunnleggande infrastruktur frå eit institutt, som til dømes spesialiserte og komplekse forskingsfasilitetar. Ut i frå det kjennskap vi har til Havforskningsinstituttet, er infrastrukturen som er etablert både på Nordnes, Matre, Austevoll, Flødevigen og i form av forskingsfarty eit godt døme på strategiske og målretta investeringar for å stette forvaltningsoppgåvene som instituttet er tillagt.

Dette er òg ein styrke når ein skal hente inn forskingsmidlar frå Europa og stør samstundes opp om dei synergieffektane ein hentar ut frå forskinga inn mot næringslivet og regionale forvaltingsledd (kommunar, regionar, fylkeskommunar).

Me legg til grunn at det vert teke ein grundig gjennomgang av infrastruktur med tanke på at dei ulike institutta kan behalde og vidareutvikle tenelege forskingsplattformer.

Kommentarar til styringsgruppa's tilråding – punkt 3: skilje ut næringsretta verksemd frå dei institutta som er forvaltningsorgan.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er einig i at det er trong for ein grenseoppgang mellom dei ulike forskingsaktørane i den blå-grøne sektoren og ser fram til ei grundig utgreiing om dette. Det vil derimot ikkje vera naturleg med eit bastant skilje mellom all næringsrelevant forskning og det som vert definert som forskning for samfunn og forvaltning (jfr. definisjonane i regjeringas framlegg til strategi for marin verdiskaping.) Årsaka til det er dei erfaringane me har gjort med forskingsmiljøet. Ei rekkje av det nybrottsarbeidet som er gjort, til dømes innan oppdrettssektoren har kome som eit direkte resultat av forvaltningsforskning, men der næringa gjennom tett kontakt og samarbeid med dei same forskarane som har satt til dømes Bergensregionen på verdskartet har vorte i stand til å ta resultatane frå denne forskinga i bruk gjennom ei direkte kunnskapsoverføring. Her snakkar vi om ein særers verksam effekt der den innovative næringsutviklinga har hausta synergjar frå forvaltningsforskninga.

Internasjonaliseringa får òg stadig meir innverknad på forskinga og forskingsfinansieringa. I og med at Noreg har innlemma marin verdiskaping som ei av fire tunge forskingssatsingar er det naudsynt å ta godt vare på dei tunge og veletablerte forskingsmiljøa som arbeider internasjonalt og i fremste rekke. Ei oppsplitting og utskiljing av viktige områder eller aktivitetar frå desse miljøa vil berre verta ris til eiga bak.

Kommentarar til styringsgruppa's tilråding – punkt 4: Samle næringsretta forskingsverksemd i eit holdingselskap

Samarbeidsrådet for Sunnhordland stør opp om nokre av dei momenta styringsgruppa legg til grunn for ei samling og koordinering av den næringsretta og kommersielle forskinga i landet.

Etablering av mindre fragmenterte og meir slagkraftige einingar er vegen å gå for å kunne løyse dei store utfordringane næringslivet står framfor i åra som kjem.

Me finn det naturleg at den næringsretta forskinga vert samla i eit integrert konsern med slagkraftige fageiningar, inklusive dei forsøks- og forskingsstasjonar som naturleg sorterar under desse.

Etableringa av konsernet bør gjennomførast i ein samkjørt prosess der momenta under punkt 1 – 3 samstundes vert ivaretatt.

Andre kommentarar

Blå-grøne synergia

Me vil peike på at styringsgruppa i særers liten grad har fått med nye og positive synergjar mellom blå og grøn sektor, men heller legg opp til omfordeling av forskingskroner frå blå til grøn sektor med mindre det vert tilført ein monaleg auke i form av nye og friske forskingskroner. Samstundes har vi ei klår kjensle av det er lagt opp til at den delen av den grønne sektoren som for lengst er aktiv i den blå åkeren er alibiet for at den resterande del av den grønne sektoren skal haldast utanfor den blå-grøne alliansen og få ein absolutt monopolstilling med omsyn til den grønne forskinga.

I og med at dei internasjonale fagmiljøa er rimeleg samstemt i at verdiskapingspotensialet og ein vesentleg auke i verdens matvareproduksjon vil ha forankring i den blå åkeren, vil den riktige

strategien vera å stø opp under den marine forskinga og løfte denne opp på det nivået som OECD tilrår.

Lokalisering


Vår klare ambisjon gjennom evalueringa av styringsgruppas arbeid og handsaminga av forskingsmeldinga er at Bergen og Bergensregionen skal kome styrka ut og verta enda tydelegare som hovudstad for den marine forskinga i Noreg (og Europa). Dette vil òg gagne nasjonen som heilskap.


Me kan ikkje akseptere noko form for svekking av dei forvaltningsinstitutta eller andre forskingsmiljø som er i Bergensregionen. I tillegg vil det vera naturleg at det næringsretta konsernet får hovudsete i denne regionen – saman med minst ei av fageiningane.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser fram til handsaminga av styringsgruppas tilråding og ynskjer å delta i ein konstruktiv dialog i samband med arbeidet vidare.

Stord, 01.02.05

Med venleg helsing


Helge Andre Njåstad
styreleiar


Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar